

Rådmannsleiing

KD

20 DES. 2007



200705160 - 139 Nord-Fron
kommune

Dato : 18.12.2007
Vår ref. : 07/1762-3/K2-A21/
Dykkar ref. :

Saksbehandlar : Kari Aaboen
Telefon : 61216203
Telefaks : 61216101
E-post : postmottak@nord-fron.kommune.no

Postadresse
Postboks A
2639 Vinstra

Kunnskapsdepartementet
Barnehageavdelingen
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Tel e f o n
61 21 61 00

T e l e f a k s
61 21 61 01

ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - HØYRINGSUTTALE FRÅ NORD-FRON KOMMUNE

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

Det blir vist til brev frå Kunnskapsdepartementet dat. 31.10.07 vedlagt høyringsnotat.

w w w .
n o r d - f r o n .
k o m m u n e . n o


Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker i Nord-Fron behandla sak om høyringsuttale til endringar i barnehagelova på møte 11.12.07, sak 36/07. Det blir vist til utskrift av møtebok i saka som følgjer vedlagt.

B a n k g i r o
2095.06.05775

B a n k g i r o s k a t t
7855 05 05168

Med helsing
for Nord-Fron kommune

Kari Aaboen
Kari Aaboen
konsulent



Kopi til:
KS Postboks 1378, Vika 0114 OSLO

Nord-Fron kommune

Møtebok sak 36/07

ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA - HØYRING

Utval	Saksnr	Møtedato	Saksbehandlar
Utval for helse-, oppvekst- og kultursaker	036/07	11.12.2007	INY

Saksansv.: Irene Nystad	Arkiv: A21	Arkivsaknr.: 07/1762	
		Journalpost: 07/7231	

Vedlegg:

- KS sitt framlegg til høyningsuttale.

Utrykte vedlegg:

- Høyring om endringar i barnehageloven, brev frå Kunnskapsdepartementet 31.10.07
- Høyningsnotat: Høyring om endringar i barnehagelova, Kunnskapsdepartementet.

Bakgrunn for saka:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut forslag om endringar i barnehagelova på høyring.
Forslaget omfattar:

- Innføring av lovfesta rett til barnehageplass
- Innlemming av statstilskota til barnehagar i inntektssystemet til kommunane
- Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar
- Innhenting av nødvendige data i barnehagesektoren

Kommunane og KS er høyningsinstans.

For at KS i si høyningsuttale skal kunne vise til at organisasjonen sine synspunkt er forankra i medlemskommunane, ber dei kommunane om å gje si uttale til høyningsdokumentet. KS ber om uttale på desse elementa:

- Individuell rett til barnehageplass
- Rammefinansiering
- Finansiering av ikkje-kommunale/private barnehagar

Kunnskapsdepartementet ber om merknadar til høyningsnotatet innan torsdag 3. januar 2008.
KS ber kommunane gje uttale så raskt som mogleg, og i god tid før jul.

Rådmannsleiinga si vurdering:

Høyningsdokumentet omhandlar tre hovudelement som rådmannsleiinga har som utgangspunkt for si vurdering:

1. INDIVIDUELL RETT TIL BARNEHAGEPLASS

Lovfesta rett til barnehageplass er etter politisk føring, ei sak som allereie er bestemt. Retten til barnehageplass er ein rett som ikkje blir fulgt av plikt til å nytte retten, slik som det er i forhold til skoleretten. Ein kan derfor ikkje fastslå kor mange som til einkvar tid vil nytte seg av retten til barnehageplass. Kommunens planlegging må derfor ta høgde for ei viss overdekning av tal på barnehageplassar.

Det er derfor viktig at staten i si overføring til kommunane tar høgde for den overdekning av barnehageplassar som kommunen til einkvar tid er avhengig av å ha.

2. RAMMEFINANSIERING

Når full barnehagedekning er på plass, troleg frå 2010, blir det lagt opp til ein overgang frå øyremerka tilskot til barnehagedrift til rammefinansiering.

Rådmannsleiinga støttar denne omlegginga fullt ut under føresetnad av at full utgiftsdekning for kommunen blir sikra og slik at kommunen har økonomiske forhold til å holde ei viss overdekning i tal på plassar.

3. FINANSIERING AV IKKJE-KOMMUNALE/PRIVATE BARNEHAGAR

Balansen mellom kommunale barnehagar og barnehagar dreve av andre, vil variere frå tid til anna. Det vil likevel vere kommunen som har ansvaret for at alle med rett til barnehageplass får plass. Derfor må overføringane til private barnehagar skje via kommunen og etter reglar som er fastsett lokalt i kommunen og slik at kommunale og private barnehagar blir behandla økonomisk likeverdig.

Administrasjonssjefen legg saka fram for helse-, oppvekst- og kultursaker med slik:

Innstilling:

Nord-Fron kommune sluttar seg til synspunkta i KS sitt forslag til høyring om endringar i barnehagelova:

1. Nord-Fron kommune tar til etterretning at lovfesta rett til barnehageplass for barn som har fylt 1 år, no blir konkret foreslått. Kommunen er innforstått med dei pliktar dette pålegg kommunen.
Kommunen vil likevel peike på at det ikkje vil vere mogleg å fastsette nøyaktig prognose for kor mange barnehageplassar som det til ei kvar tid vil vere behov for. Det må leggast til rette økonomisk slik at kommunen kan ha ei viss overdekning i tal på plassar. I tillegg må det vere eit regelverk som er fleksibelt nok til at kommunen mellombels kan dispensere frå dei generelle krava til bygg og personell.
2. Nord-Fron kommune ser positivt på at finansieringa av barnehagane blir lagt inn i kommunen sitt rammetilskot frå og med 2010. Det blir understreka i denne samanheng at finansieringa må bygge på prinsippet om fullfinansiering av reformer, og på et system som er nøytralt i forhold til fordeling av kommunale og private barnehageplassar i den enkelte kommune.
3. Nord-Fron kommune vil peike på at ettersom det er kommunen som har plikt til å ha full barnehagedekning, må også overføring av tilskot til dei private barnehagane skje via kommunen. Kommunen må ha ansvaret for å utarbeide regelverk for tilskota etter prinsippet om likeverdig økonomisk behandling av private og kommunale barnehagar og med heimel til å stille dei same kvalitettskrav til private og kommunale barnehagar.

HOK-036/07 11.12.2007 Vedtak:

Det vart lagt fram forslag om å endre ordet mellombels i siste setning i pkt. 1 til *frå tid til annan*.

Innstillinga med endring i pkt. 1 vart samrøystes vedtatt.

Rett utskrift:

Nord-Fron kommune, 11.12.07

Ingrid Stormyrbakken

Ingrid Stormyrbakken

konsulent